

## EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 2000/62/EF

2002/EØS/03/178

av 10. oktober 2000

## om endring av rådsdirektiv 96/49/EF om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods(\*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 71 nr. 1 bokstav c),

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegnen frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) For å gjere det mogleg å fullføre visse delar av standardiseringsarbeidet innanfor Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) med omsyn til romfang og tankar, er det i direktiv 96/49/EF<sup>(4)</sup> fastsett overgangsføresegnar som gjeld fram til 1. januar 1999. Dette arbeidet er ikkje avslutta enno.
- 2) Transportutstyret som er omfatta av det unntaket som er nemnt i artikkel 5 nr. 2 bokstav c) i direktiv 96/49/EF, bør definerast betre.
- 3) For å gje medlemsstatane høve til å nytte jarnbanevogner og tankar som ikkje er i samsvar med ei ny føresegn i vedlegget til direktiv 96/49/EF, bør det fastsetjast overgangsføresegnar for jarnbanevogner og tankar som er bygde frå og med 1. januar 1997, og som berre vert nytta til innanlands transport.
- 4) Dei fristane som er fastsette i artikkel 6 nr. 4 i direktiv 96/49/EF med omsyn til visse former for utstyr, bør lenggjast. Identifisering av det aktuelle utstyret og fastsetjing av den siste fristen for iverksetjing av direktiv 96/49/EF bør finne stad etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 9 i det førnemnde direktivet.
- 5) Dei unntaka som er fastsette i artikkel 6 nr. 9, nr. 11 og nr. 14 i direktiv 96/49/EF, bør gjerast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 9 i det førnemnde direktivet.
- 6) Dei tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av dette direktivet, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning

1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen<sup>(5)</sup>.

7) Det bør fastleggjast kva vilkår som må stettast for at ein transport kan reknast som ekstraordinær.

8) Direktiv 96/49/EF bør difor endrast –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

I direktiv 96/49/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 5 nr. 2 bokstav c) vert «driftstemperatur for materiell som er meint til bruk i...» bytt ut med «driftstemperatur for materiell nytta til plastemballasje, tankar og tilhøyrande utstyr som er meint til bruk i...».

2. I artikkel 6 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 3 skal lyde:

«3. Ein medlemsstat kan gje løyve til at det på territoriet hans vert nytta jarnbanevogner som er bygde før 1. januar 1997 og ikkje stettast føresegnene i dette direktivet, dersom dei er bygde i samsvar med dei nasjonale føresegnene som er i kraft 31. desember 1996, og vert haldne ved like på eit nivå som stettast tryggleikskrava.

Tankar og jarnbanevogner som er bygde etter 1. januar 1997, og som ikkje stettast føresegnene i vedlegget, men som er produserte i samsvar med dei krava i dette direktivet som var i kraft på det tidspunktet då dei vart bygde, kan framleis nyttast til innanlands transport inntil ein dato som skal fastsetjast etter framgangsmåten i artikkel 9.»

b) I nr. 4

– vert «31. desember 1998» i første punktum bytt ut med «30. juni 2001», og «1. januar 1999» i andre punktum bytt ut med «1. juli 2001».

– vert følgjande nye ledd sette inn:

«Fristane 30. juni 2001 og 1. juli 2001 skal lenggjast for romfang og tankar som ikkje er omfatta av detaljerte tekniske krav, eller som det ikkje er lagt til tilstrekkelege tilvisingar til relevante europeiske standardar for i vedlegget.

(\*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 279 av 1.11.2000, s. 44, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 50/2001 av 30. mars 2001 om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 30 av 14.6.2001, s. 45.

(1) TEF C 181 av 26.6.1999, s. 25.

(2) TEF C 329 av 17.11.1999, s. 11.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 29. oktober 1999 (TEF C 154 av 5.6.2000, s. 353), felles haldning frå Rådet av 27. juni 2000 (TEF C 254 av 25.8.2000, s. 14) og europaparlamentsavgjerd av 21. september 2000.

(4) TEF L 235 av 17.9.1996, s. 25. Direktivet sist endra ved kommisjonsdirektiv 1999/48/EF (TEF L 169 av 5.7.1999, s. 58).

(5) TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

Dei romfanga og tankane som er nemnde i andre leddet, og den siste fristen for iverksetjinga av dette direktivet med omsyn til slike romfang og tankar, skal fastsetjast etter framgangsmåten i artikkel 9.»

c) Nr. 9 skal lyde:

«9. Medlemsstatane kan, dersom dei gjev melding til Kommissjonen om dette seinast 31. desember 2002 eller inntil to år etter den siste fristen for iverksetjing av dei endra versjonane av vedlegget til dette direktivet, vedta føresegnar som er mindre strenge enn dei som er fastsette i vedlegget, for transport på territoriet deira av berre små mengder av visse typar farleg gods, bortsett frå stoff med middels eller høg radioaktivitet.

Desse unntaka skal nyttast utan skilnadshandsaming.

Utan omsyn til føresegnene ovanfor kan medlemsstatane, på det vilkåret at dei gjev Kommissjonen melding om det på førehand, når som helst vedta føresegnar som svarar til dei føresegnene som er vedtekne av andre medlemsstatar med tilvising til dette nummeret.

Kommissjonen skal granske om dei vilkåra som er fastsette i dette nummeret, er vortne stetta, og skal i samsvar med framgangsmåten i artikkel 9 avgjere om dei medlemsstatane som det gjeld, kan vedta dei fønemnde unntaka.»

d) Nr. 10 skal lyde:

«10. Medlemsstatane kan utferde løyve som berre gjeld på deira eige territorium, til å utføre ekstraordinær transport av farleg gods som anten er forboden etter føresegnene i vedlegget, eller som vert utført på andre vilkår enn dei som er fastsette i vedlegget, så fram slik ekstraordinær transport er klart definert og tidsavgrensa.»

e) Nr. 11 skal lyde:

«11. Dersom dei gjev melding til Kommissjonen på førehand, kan medlemsstatane tillate jamleg transport på særskilt utpeikte strekningar på territoriet sitt av farleg gods som utgjør ein del av ein fastlagd industriell prosess, sjølv om slik transport er forboden etter føresegnene i vedlegget eller vert gjennomført på andre vilkår enn dei som er fastsette i vedlegget, dersom transporten er av lokal karakter og er underlagt streng kontroll på klart fastlagde vilkår.

Kommissjonen skal granske om krava i det første leddet er vortne stetta, og i samsvar med framgangsmåten i artikkel 9 avgjere om dei medlemsstatane som det gjeld, kan tillate slik transport.»

f) Nr. 14 skal lyde:

«14. Dersom dei gjev melding til Kommissjonen på førehand, kan medlemsstatane tillate transport av

farleg gods på mindre strenge vilkår enn dei som er fastsette i vedlegget, når det gjeld lokal transport over korte avstandar innanfor hamneområde, lufthamn-område eller industrianleggsområde.

Kommissjonen skal granske om dei vilkåra som er fastsette i det første leddet, er vortne stetta, og i samsvar med framgangsmåten i artikkel 9 avgjere om dei medlemsstatane som det gjeld, kan tillate slik transport.»

3. Artikkel 9 skal lyde:

«Artikkel 9

1. Kommissjonen skal få hjelp av Utvalet for transport av farleg gods, som vart oppnemnt ved artikkel 9 i direktiv 94/55/EF. (\*)

2. Når det vert vist til denne artikkelen, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

(\*) TEF L 319 av 12.12.1994, s. 7. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/61/EF (TEF L 279 av 1.11.2000, s. 40).»

*Artikkel 2*

1. Medlemsstatane skal innan 1. mai 2001 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Luxembourg, 10. oktober 2000.

*For Europaparlamentet*  
N. FONTAINE  
*President*

*For Rådet*  
D. VOYNET  
*Formann*